

Elias kjem til Uskedalen!

Elias kjem til Uskedalen neste helg!

Det er no heilt sikkert at Elias, den populære båten til redningsselskapet, kjem til Uskedalen under aktivetsdagen neste laurdag, fortel Gunn Mari Moberg i Aktivitetshusets Damevenner.

Båten er populær, og den er knytta til den like populære Eliasklubben som er på TV kvar laurdag klokka 7.55. Her er poenget å læra ungane sjøvett.

Noko av det siste som er skjedd at at skule-elevar landet rundt har laga illustrasjonar av eliasreglene. 100 klassar har vunne redningsvestar, mellom dei klassar ved Malmanger og Åkra skuler i Kvinnherad og Skånevik skule i Etne.

Eliasklubben har hatt svært stor pågang av nye medlemmer i det siste. Den har ei eiga, fargerik og spanande heimeside, og den får ein opp ved å skriva Elias!